# Lekseplan 5A

## VEKE 48, 2024

| | |
|---|---|
| Skulen si heimeside: www.minskole.no/sagstad.<br>Tlf. til administrasjon: 56171300<br>Tlf. SFO: 47488775<br>Kontaktlærer 5A: Harald Helgesen<br>**Klassemobil: 96634386** | **Klassekontaktar:** Marianne Sandvik og Cristina Sunnhordvik<br>**FAU-medlemmar:** Eirik Askeland (medlem) og Elise C. Ingebrigtsen (vara) |

Hei! Eg vert vekke heile denne veka, veke 48, då eg må avvikla seniorveka mi, populært kalla “senileveka”, før året er omme. Klassen har fått ein god vikar, Kristina, som skal ha alle timane mine, slik at det vert stabilt. Ho kjenner også klassen frå før. Elles er det fint om elevane får ta med ei lita, innpakka gåve verd 20-30 kr, som me kan ha i pakkeadventskalendaren vår i klasserommet. Det vert morosamt, og alle får ei pakke attende. Dette er sjølvsagt heilt frivillig.

Det nærmar seg adventstid og «annleisdagar» her på skulen. Kvar måndag i adventstida plar skulen samle elevane til ei lita adventsamling. I år er det vi på 5.trinn som skal stå for programmet på to av disse samlingane. Ein del av timane våre går difor til øving og arbeid til dette.

Nokre datoar som kan vere lure å notere:

- 6.12: Julegensardag
- 13.12: Skulegudsteneste/alternativt opplegg
- 17.12: Julefest for 5.trinn

Vi ønskjer dykk ei god veke 😊
Helsing Harald

# Dette jobbar vi med denne perioden:

**Lesing**

- Eg veit at det er mange ulike lesemåtar; slik som skumlese, leitelese og nærlese.
- Eg vel den mest formålstenlege lesemåten utifrå formålet med lesinga.

- **Skriving** Eg kan skriva kj-lyden, sj-lyden og å-lyden korrekt.

**Rekning:**

- Koding. Vi lærer enkel programering.

**Engelsk**

- Health and resilience. Vi jobbar med teksten “Your online doctor” om fysisk og psykisk helse.

**Samfunnsfag**:

. Utgangspunkt: Dei første bondefamiliane, kap. 6 i Globus, samfunnsfag 5.

**Naturfag:**

- Magnetisme – Kva vil det seie å få støyt?

**Sosial kompetanse: Kropp og sjølvbilete**

- Eg har fokus på å kommentere andre sine gode eigenskapar.

| LEKSER: | TIL TYSDAG | TIL ONSDAG | TIL TORSDAG | TIL FREDAG |
|---|---|---|---|---|
| **LESE** | | **Leselekse**<br>Les teksten " Barn leikar mindre ute" | **Link textbook**<br>Read page 53.<br>Try to translate. | **Lesekvart**<br>Les eit kvarter i valfri bok eller blad. Gjenfortel til ein vaksen det du har lese. |
| **SKRIVE** | | **Norsk skrivebok** | | **Leselogg**<br>Oppsummer det du har lese med nokre setningar. Hugs overskrift. |
| **REKNE** | **Rutebok**<br>Løys reknestykka og før dei i ruteboka di. Hugs linjal! | | | |
| **HUGS:**   | | **Symje-/gymklede**<br>5d skal ha symjing. Dei andre klassane har gym. | | **Gymklede**<br>joggesko, handkle og såpe. |